



STAVANGER BISPEDØMME 900 ÅR

INVITASJON TIL OPPSTARTSEMINAR



I 2025 feirar Stavanger bispedømme, Stavanger domkyrkje og Stavanger by 900 år.

Det gir oss høve til å lyfta fram kyrkja i heile bispedømmet, kvart sokn og dei mange kyrkjene. Kva har kyrkja betydd for folk gjennom ulike tider, politisk, kulturelt, økonomisk og sosialt? 900 år er lang tid. Styresett, folks levekår og kyrkja sitt ansvar og rolle har endra seg. Kva kan vi læra av historia? Kva betydning har kyrkja i samfunnet i dag? Kva drøymar vi om for kyrkja i framtida? Dette store jubileet vil gje gode høve til samarbeid om spennande samlingar og gode tema om vår lokale kyrkje i fortid og framtid.


Vi er allereie godt i gang i arbeidet med korleis vi vil feira!

Stavanger bispedømmeråd og Rogaland historielag inviterer alle sokna i bispedømme og dei lokale historielaga i Rogaland til laurdagsseminar. Oppstartseminaret tek sikte på å få opp og dela gode idear. Det vert to seminar, eitt i Sørfylket og eitt i Nordfylket. De vel den stad og dato som passar best.

**Hana kyrkje, Sandnes
Aksdal kyrkje, Tysvær**

12. november kl. 11 - 15

19. november kl. 11 – 15



ARRANGØR: Stavanger bispedømmeråd og Rogaland historielag

FØREDRAG VED



Ernst Baasland deltek i Hana

Baasland var biskop i Stavanger i 1998 til 2009. Han kom då frå stilling som professor i det nye testamentet ved Menighetsfakultetet. Han har vore engasjert som førelesar ved ulike universitet, blant anna i Danmark, Sør-Afrika og USA. Baasland har skreve ei rekke bøker, blant anna «Korsfylket. Rogalands røtter inn i vår tid.»



Nils Olav Østrem deltek i Aksdal

Nils Olav Østrem (1961) er professor i historie ved Universitetet i Stavanger. Han har skrive om lokalkyrkja i *Skjoldafolket og kyrkja deira* (1987), *Vats kyrkje 150 år* (2005), *Nær Straumen. Skjoldastrauen kyrkje 100 år. 1910-2010* (2010) og *Nedstrand kyrkje 150 år. I tru, håp og kjærleik* (2018). I historieverka til Stord (2005) og Karmøy (2010) har han skrive eigne kapittel om kyrkje, tru – og biskop Heuchs «hellige ø».

Foto: Grannar
Grethe Hopland Ravn

PROGRAM

10.30	Ankomst, registrering, kaffe/te	
11.00	Velkomst/innleiing om førebuingar til jubileet	Birger Lindanger Rogaland historielag Ragnhild Halle, Stavanger bispedømme
	Inspirasjonsføredrag «Kyrkja vår – i fortid og framtid»	Ernst Baasland 12. november Nils Olav Østrem 19. november
	Erfaring frå samarbeid mellom historielag og sokn	Hjelmeland og Tysvær
12.45	Lunsj	
	Arbeid i grupper og deling	
14.40	Oppsummering	
15.00	SLUTT	

PÅMELDING:

Lenke til påmelding [HER](#)

Innan 28. oktober